

Kvinnherad idrettsråd



Organisasjonsledd i
NORGES
IDRETTSFORBUND

Arbeidsprogram 2020 – 2022

Framlegg til årsmøtet 27.10.2020

Årsmøtet vedtek arbeidsprogram i tråd med vedtektene. Programmet skal ha to års horisont og vert rullert årleg. Arbeidsprogrammet er saman med rådet sine lovar og budsjett styrande for idrettsrådet sin aktivitet.

Idrettsrådet er eit felles organ for all idrett i Kvinnherad som er organisert i Norges idrettsforbund gjennom Vestland idrettskrets. Idrettsrådet skal vere ein arena for samarbeid mellom laga, mellom laga og kommunale styresmakter og mellom laga og idrettskretsen. Idrettsrådet har samarbeidsavtale med Kvinnherad kommune og er rådgjevande organ i saker som vedkjem idretten i kommunen.

Kvinnherad idrettsrådet skal:

- a) styrke idretten si rolle og rammevilkår i lokalsamfunnet,
- b) foreta prioriteringar på vegne av idrettslaga,
- c) dokumentere og synleggjere idretten sitt lokale omfang og utvikle lokale idrettspolitiske handlingsprogram, og
- d) vere ein møteplass og utviklingsarena i skjeringspunktet mellom offentleg og frivillig virke.

Samarbeid med idrettslaga

- Heimeside og Facebooksida som viktig kontaktflate mot medlemane
- E-post og meldingar via SportsAdmin for direktesendingar til medlemane

Lokalidretten og kommunen

- Oppretthalda samarbeidsavtale med Kvinnherad kommune
- Årleg samarbeidsmøte med kommunen
- Samarbeide med kommunal idrettskonsulent
- Legge til rette for aktivitetar gjennom idrettsstipend og ressurskontaktar

- Gi råd om prioritering av spelemidler og kommunale investeringsmidlar til idrettsanlegg
- Besøkje regelmessig idrettslag for anleggssynfaring og møte med styrerepresentantar
- På eige initiativ ta opp saker med kommunen som er av felles interesse for idrettslaga i Kvinnherad
- Koordinere og fremje saker på vegner av medlemslaga for kommunen

Organisasjonsledd i NIF

- KIR har anledning til å delta på desse arrangementa i regi av Vestland idrettskrets:
 - Idrettsrådskonferansen
 - Anleggskonferansen
 - Kretstinget

Anleggsutbygging

- Saman med kommunen arrangera søkekurs for medlemmane til spelemiddelordninga
- Delta i prosjektarbeidet for ny idrettshall på Husnes

Aktivitetsutvikling

- Fordele lokale aktivitetsmidlar (LAM) til medlemslaga
- Utvikle kriterium for tildeling av LAM som stimulerer til samarbeid mellom medlemslaga om arrangement, treningstilbod og andre aktivitetar
- Tildele breideidrettsstipend for Kvinnherad
- Administrere ordninga med medaljar til Kvinnheradsmeisterskap

Samfunnsoppdrag

- Synleggjere verdiar frå lokalidretten for innbyggjarar, næringsliv og politisk leiing i kommunen
- Delta i prosjektet som skal motverka barnefattigdom i Kvinnherad
- Jobbe saman med kommunen for å minimere konsekvensar av Covid-19 for idrettslaga, både for økonomi og fråfall blant medlemar.